



Radøy song- og musikkråd

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2405 - 14/12590

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

19.11.2014

Tilbakemelding om tildeling av kulturmidlar - musikk

Radøy kommune deler kvart år ut driftsmidlar til lag og organisasjonar heimehørande i Radøy kommune. Kulturmidlane skal fordelast etter etter retningslinjer vedteke av formannskapet i sak 55/00.

Kriterier som skal vektleggjast ved tildeling er:

- medlemstal under 18 år
- allsidig aktivitet
- tilrettelegging for funksjonshemma
- aktivitetsnivå innanfor aldersbestemte grupper
- kvalitet på aktivitetane
- medlemskontingent

Det står vidare at midlane ikkje skal utbetalast før revidert rekneskap for føregåande reknskapsår er motteke.

Søknader som gjeld song og musikk skal sendast song- og musikkrådet for uttale, medan idrettsrådet gjev uttale i saker som gjeld kulturmidlar til idrett. Rådmannen har fullmakt frå formannskapet til å gjera endeleg vedtak i desse sakene.

I uttalen frå musikkrådet skriv de at de har lagt stor vekt på Radøy kommune sine kriterium for å mottak kulturmidlar, og nedprioritert dei som ikkje har medlemmer under 18 år og som ikkje har levert rekneskap.

Kriteria for tildeling av kulturmidlar utelukker ikkje lag som ikkje har born og unge som medlemmer, sjølv om medlemstal under 18 år skal vektleggjast ved fordeling av midlar. Blant dei laga som får midlar frå potten som er sett av til andre lag og organisasjonar, er det mange lag som ikkje har medlemmer under 18 år. Dette gjeld mellom anna Radøy sogelag, Radøy pensjonistlag og alle grendalaga, som ikkje har medlemmer tilslutta i det heile tatt. Retningslinene for kulturmidlar er dei same for alle dei tre kategoriane (idrett, musikk og andre), og me finn det ikkje rett å utelukka lag med berre vaksne medlemmer i den eine gruppa.



Song- og musikkrådet innstiller på at det skal løyvast meir midlar til Radøy brass enn til skulemusikklega, trass i at både Manger skulemusikklag og Sæbø skulemusikklag har langt fleire born og unge som medlemmer, og også langt fleire medlemmer totalt enn Radøy brass. Aktiviteten til desse to skulekorpsa er også minst på nivå med Radøy brass, både med tal på øvingar, konsertar i lokalmiljøet og deltaking i konkurransar. Også Hordabø skulemusikklag har fleire born og unge som medlemmer enn Radøy brass.

På bakgrunn av dette kunne ikkje rådmannen følgja innstillinga dykkar. Me ser at me burde hatt dialog med song og musikkrådet før endeleg vedtak, og vil betra rutinane for dette ved neste års tildeling.

Me håpar også på eit godt samarbeid med song- og musikkrådet i andre saker!

Med helsing

Lin Tove Thomassen
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
kulturkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Radøy song- og musikkråd